

## #28

<b>Emnekode / Course code</b>	MEVI 203/203B
<b>Emnetittel / Course title</b>	Medieretorikk
<b>Semester</b>	Haust 2021
<b>Emneansvarlig / Course coordinator</b>	John Magnus Dahl
<b>Sist evaluert (semester / år) / Last evaluation (semester / year)</b>	2018

### **Hva er emnets undervisnings- og vurderingsform? / What are the teaching methods and forms of assessment used in the course?**

Førelesingar, workshops (kombinasjon av gjesteundervisarar og meir klassisk seminar), øvingsoppgaver. Heimeeksamen eller bacheloroppgåve.

<b>Evalueringstmetode(er) / Form of evaluation</b>	Skriftleg
--	-----------

### **Sammendrag av studentene sin evaluering / Summarize the results from the student evaluation**

Få studentar fylte ut evalueringsskjemaet (7 av ca. 40 oppmeldte). Det som går att er at studentane er nøgde med workshopmodellen, der ein får gå i djupna både ved hjelp av eigen diskusjon og ved hjelp av gjester som er spesialistar på temaet den aktuelle veka. Dei fleste set også pris på det dei kalla førelesar sin entusiasme, noko ein kan vone har samanheng med at kurset var sterkt forskingsbasert.

### **Emneansvarligs evaluering / The course coordinator's evalutaion**

Emneansvarleg er samd i at kurset har fungert godt. Studentane har i høg grad vore munnleg aktive, og karakterfordelinga er noko høgare enn normalfordelt. Workshopmodellen gjev høve til å gå i djupda, samstundes som det letter arbeidet for emneansvarleg og fører til høgere nivå på seminaraktivitet enn om ein berre skulle hatt seminarleiar.

Kurset er lagt opp til å kunne ha ulikt innhald frå semester til semester, og denne gongen var det sterkt basert på fersk forsking frå emneansvarleg. Det kan verke som om dette blei lagt merke til av studentane.

Det var høgt fråfall, gjennom heile kurset, av kandidatane som hadde BA-oppgåve som vurderingsform.

### **Mål for neste evaluatingsperiode - forbedringstiltak? / Goals for the next evalution period - what can be improved?**

Det viktigaste forbedringstiltaket handlar om avklaringar kring workshop-modellen. For det første bør ein sikre at workshops går tidleg på dagen, noko som krev timeplanlegging.

For det andre bør ein avklare status til gjesteførelesarar. Eg hadde mange eksterne, og mange som stilte opp for lite eller ingen ting, men det kan ein ikkje rekne med i lengda. UiB skal såklart ikkje betale andre for å gjere undervisninga for oss, men eg opplevde det også som uklart kva denne workshop-modellen skal innebære for staben som heilskap. Skal ein i tillegg til sensur, emneansvar, etc. stille opp i workshops i ymse emne? Det kan vere handterleg om det medfører mindre total arbeidsbelastning, men må bli avklart i programråd og blant staben.

For det tredje må ein tenkje gjennom rolla til seminarleiarane (MA-student). No fungerte ho som ein Teaching Assistant etter amerikansk stil, noko som fungerte godt for emneansvarleg sin del, men seminarleiaaren kjente seg noko lite utfordra. Eg meiner dette er ei nyttig erfaring for masterstudentar, då dei jobber tettare på emneansvarleg enn i emne eg har hatt før, men ein bør avklare kva den nye rolla eventuelt skal vere.

Eit anna tiltak er at ein må ein ta tak i studentane som skriv bacheloroppgåve. Fråfallet var høgt, og eg er usikker på kvifor. Ein bør lage ein plan som grip over alle mevi-emna med BA-oppgåve for korleis ein skal rettleie desse studentane.